

Kultur



90 år: Hipp, hipp hurra for min spreke oldemor **Mari Seltveit** som fyller 90 år. Av meg du mange gratulasjonar får. På Verket du bur, men likar godt å vere på tur. Du har alltid ein god kommentar på lur, og eg har aldri sett deg sur. Leik, latter og glede dagen lang, når du legger etter meg på sprang. Glad i deg. *Helsing Theodor.*



Fyller år: Hipp hurra! Me vil gratulere smille og gode **Minna** med dagen som var 25. mars! Du ær super duper! Stor klem frå basse og bess (Dei til andre helsar au).



90 år: Mari Seltveit fyller 90 år. Den 30. mars fyller den spreke og aktive besta bui 90 år. I dag skal du feirast, og det gledar me kønn til: Me er veldig glade i deg. *Helsing store og små i Seltveitfamilien.*



26 år: Hurra for mamma'n min som har bursdag i dag, og til jenta mi **Isabell Bekk** Gratulerer med dagen din! Mange kosar frå Leander og Gry.



90 år: Else Marie Hansen i Skafsdå fyller 90 år onsdag 1. april. Vi gratulerer! *Helsing familien.*



Vakkert: Ingebjørg Lognvik (t.v.) og trioen **Mala Fama**, Morten Kvam, Juhani Silvola og Sarah Jane Summers, budde på kveding, stemningsfull musikk og livssoga til Guro Heddelid på Granvin kulturhus torsdag.

Guro Heddelid kom heim

Med vakker song og stemningsfullt spel lokka Ingebjørg Lognvik Reinholdt og trioen **Mala Fama** publikum med på ei reise til mellomalderen og Guro Heddelid sitt rike.

VTB **Audny Barstad**
audny.barstad@vtb.no

Det var godt det blei konsern i det heile tatt torsdag på Granvin kulturhus. Hverkaoset i hovudstaden sette trioen **Mala Fala** på prøve i trafikken. Etter fleire bilbyte kom dei seg heldigvis til Seljord, og bare nokre få minuttar førseinka kunne konsernen starte.

Ei sterke kvinne

Guro Heddelid er ein av dei mest kjende kvinnefigurane i norsk folkemusikk. I Grunningsdalen i Seljord vaks ho opp som ei glad, rik og vakker odelsjente som kunne velje og vrake i friarar. Og det var nett det ho gjorde, i fylige segna. Problemet var at ho hadde alt for mange friarar, og alle fekk litt av ingen heilt visse.

Til og tru, kjærleik, hat og sjalusi ført til både drap og sorg, men også til vakre kjærleikssøger og musikk. I 1880 skreiv bygdediktaren Jørund Telnes ned diktsyklusen om Guro Heddelid, og saman med notendeskriveringar frå Eivind Groven sikra det at historia og musikken lever vidare. Og segna fascinerer.

– Det er noko med at det er ei historie om ei sjølvstendig kvinne. Ho kunne velja fritt men plikta, samfunnet og logikken tok overhand, seier Ingebjørg.

Litt skumlare

Ingebjørg har gått i lære hjå flere dyktige kvedarar, vunne B-klassa i kveding på landskappleiken, og er utdanna ved Noregs musikkhøgskule. Songen om Guro høyrde ha første gong som barn, men det var først som voksen og elev ved høgskulen at ho tok tak i materialet. Resultatet blei ein eksamenkonsern som sidan har blitt omarbeidd.

Konserten har blitt sett opp i Porsgrunn, Bergen og Oslo, men seljordingen ynskte også å ta framsynninga heim. Med støtte frå fondet for

utøvande kunstnarar, Seljord kommune og Landskappleikfondet kunne ho endelig presentere soga om Guro Heddelid på heimebane.

– Det var lite meir skummelt her heime enn andre stader. Eg har måttat å nokre val i måten å presentere historia på, og her kjänner dei soga så godt. Og så har eg jo mest vaks opp på denne scena, seier Ingebjørg.

Stemningsfullt

Men det var ikkje farleg å ta Guro heimatt. Det var eit lydhørt publi-

kum som sat i salen, og saman med Morten Kvam på kontrabass, Juhani Silvola på gitar og Sarah Jane Summers på fele og bratsj fekk Ingebjørg fortida inn i notida.

Klokkekla song, stemningsfullt spel av trioen og soga fortelling batt saman livssoga til Guro på ein ypparleg måte. Og når pesten la Grunningsdalen aude og tok Guro med seg, blei kvelden avslutta i sår og vakker moll.

«Det var Guro uppi Dalen, vandt det var å sjå ei slik. Då ho sette seg i salen, då var ho ei dronning lik».



Kvad: Ingebjørg Lognvik Reinholdt syntes det var litt skummelt å ta soga om Guro Heddelid heimatt til Seljord, men fekk god mottaking hjå publikum.